

Årsmelding for Fusa fagskule 2013-2014

Årsmeldinga frå Fusa fagskule vil gje ei oppsummering av dei viktigaste funna i student-, lærar- og sensorvurderingane som er gjennomførte i 2013/2014-klassane.

Denne årsmeldinga gjev vonleg naudsynt informasjon til Hordaland Fagskulestyre om læringsmiljøet og kvalitetssikringsarbeidet ved Fusa fagskule og kan såleis danna grunnlag for vidare oppfølging frå administrasjonen og fagskulen.

Hausten 2013 overtok Fusa ansvaret for 2 helsefagskuletilbod ved Fitjar fagskule, med til saman 4 klassar og 4 tilsette. 2.årsstudentane våre derifrå har altså hatt 1.året ved ein annan skule. Det kan gje utslag i evalueringa i år.

Fusa fagskule har i meldingsåret hatt følgjande klassar:

1. Psykisk helsearbeid	- Odda	1 /2år -2013-2015
2. Psykisk helsearbeid	- Stend	1 /2år -2013-2015
3. Psykisk helsearbeid	- BTF	2 /2år -2012-2014
4. Kreftomsorg og lindrande pleie	- Stend	1 /2år -2013-2015
5. Kreftomsorg og lindrande pleie	- BTF	2 /2år -2012-2014
6. Rus og avhengigheitsproblem	- BTF	2 /2år -2012-2014
7. Spesialreinhald og sterilforsyning	-BTF	2 /2år -2013-2015
8. Helse, aldring og aktiv omsorg	- Fitjar	2 /2år- 2012-2014
9. Helse, aldring og aktiv omsorg	- BTF	1 /2år -2013-2015
10. Helse, aldring og aktiv omsorg	- BTF	2 /2år -2012-2014

1.0 Generelle kvalitetsindikatorar

Kvalitetssystemet etterspør kvantitative data på tal og nivå på søkjarar, eksamensresultat og gjennomstrømming.

KURSKODE	Sum	i % av starta	FHH01	FHH05	FHH10	FHH12	FHH01	FHH05	FHH08	FHH12
ÅR / KLASSE			1.års Psyk	1.års Kreft	1.års SpesR	1.års Helse-ald	2.års Psyk	2.års Kreft	2.års Rusav.	2.års Helse-ald
Tal kvalifiserte 1.året 12 og 13	117	125,8%	24	7	25	8	18	11	6*	18*
Tal studentar starta 2012	50	100,0%	x	x	x	x	15	11	6*	18*
Tal studentar starta 2013	43	100,0%	16	4	16	7	x	x	x	x
Totalt tal studentar 13-14	76	81,7 %	14	3	15	6	10	8	5	15
Slutta 13-14	7	7,5 %	2	1	1	1	0	0	0	2
Tal kandidatar vår - 14	38	76,0 %	x	x	x	x	10	8	5	15
Tal bestått vitnemål vår-14	36**	72,0 %	x	x	x	x	9	8	5	14

* Me har ikkje fullt kvalitetssikra tal for kor mange som søkte/starta i «Fitjar- klassane» H-2012

** Av totalt 38 avgangsstudentar, var 2 ikkje kvalifiserte ved eksamensdato. (Men desse har fått plan for fullføring i haust.) 72 % av dei som starta på utdanninga, har fullført studiet på normert tid.

Kommentarar frå leiinga:

Å søkja, starta på og gjennomføra eit 2-årig deltidsstudium i helsefag er utfordrande for dei fleste studentane. Studentane går gjerne i faste stillingar som krev sitt, i tillegg til oppgåver i heimen! Me ser at studentar som har velvilje frå arbeidsgjevar og får tilrettelagt turnus/kabalar, er dei som fullfører studiet. Første året er kritisk, men dersom det er fullført, er det stor sjanse for bestått studium etter 2 år.

2.0. Vurdering av utdanningstilbodet

Studentsvara er henta frå spørjeundersøkingar lagt ut på it'sl learning då me ikkje fekk fullført omlegging til Rambøll sitt Survey-exact system i år. Granskinga er bygd opp som tidlegare, utan endringar av spørsmål.

Svarprosenten hos studentane er på kun 56%. Med 80% av lærarane har svara. Resultata er presentert i ulike statistikkar. Sidan spørjeskjema til studentar og lærarar har fleire samanfallande punkt, vert svara framstilte "kronologisk" nedanfor.

Der me ser markante tendensar, vil desse verta kommenterte særskilt. Sensorcommentarar er samla i ein liten bolck, og til slutt gjev leiinga si vurdering og oppsummering av evalueringane.

Kvalitetsindikatorar; nytt i år er at me på oppmoding frå fagskulestyret har sett kvantitative mål på fleire sider av fagskuletilboda våre (sendt HFK pr april.14). Dette vert første gang me relaterer resultat frå granskinga til kvalitetsmåla våre.

Kritisk nivå på dei ulike områda er sette til snittskår på 4,0. Me har markert med trafikkløysfarge på scora for å signalisera kor me ligg vs egne mål:

Godkjent +	Ikkje optimalt	Ikkje godt nok
------------	----------------	----------------

A. Innhald i utdanninga**Kor godt kjenner studentane fagplanen for utdanninga**

Snitt skår	4,5
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5
Kritisk nivå	4,0

I kva grad meiner studentane at opplæringa er i samsvar med opplæringsplanen

Snitt skår	5,0
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5
Kritisk nivå	4,0

Lærar sin vurdering av skulen sin opplæringsplan

Snitt skår	5,1
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5
Kritisk nivå	4,0

Eventuelle sterke sider ved fagplanen:

- Studieplanen legger stor vekt på praksisnærhet.
- Utdyping av fagspesifikke tema. Utdyping av dagsaktuelle tema
- Omfattende og konkret
- Fungerer godt som retningsgivende / arbeids dokument
- Oversiktleg og systematisk. Gir veiledning om oppg.skriving bakerst. Læreplanmåla er konkrete og tydelege.
- Ryddig, oversiktleg. Konkrete og tydelege mål.

Eventuelle svake sider ved fagplanen:

- konkretisering
- Kanskje for omfattande. Inneheld for mange / for store arbeidskrav. Ikkje oppdatert litteraturliste.
- Fagplanen bør oppdaterast i forhold til veiledning om oppgåveskriving, evt bruke Harvard. Sjekke og oppdatere litteraturlista.

Kommentarar frå leiinga:

Svara her er noko varierende, som kan skuldast at nokre av fagplanane våre er gamle (frå 2007/2008) og treng ajourhald. Det er me i gang med i samband med innføring av læringsutbytebeskrivelsar og omlegging frå «modul» til emne» Planane frå Fitjar og frå Fusa vert samordna så langt råd er innom NOKUT-godkjenninga, og den felles første modulen får no likt opplegg vs arbeidskrav og eksamensordning ved alle tilboda våre.

B. Undervisninga

Studentane sin tilfredsheit med organiseringa av opplæringa?

Snitt vurdering	4,6
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5
Kritisk nivå for temaområdet	4,0

Studentane sin meining om framdrifta i opplæringa

Snitt vurdering	4,8
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5
Kritisk nivå for temaområdet	4,0

Studentane sin tilfredsheit med det faglege nivået på opplæringa

Snitt vurdering	4,9
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5
Kritisk nivå for temaområdet	4,0

Lærar sin vurdering av undervisningstilbodet

Snitt vurdering	5,3
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5
Kritisk nivå for temaområdet	4,0

Lærarmerknader om sterke sider ved undervisningstilbudet:

- Tilgang til ekskursjonar. Studentane beskriver det faglige innhaldet som relevant for dei- samt oppdatert.
- Det å knytte den teoretiske undervisninga opp mot ekskursjonar / praksisbesøk / besøk av eksterne fagpersonar har vore positivt for studentane.

Lærarmerknader om svake sider ved undervisningstilbudet:

- Litt mye pp. men studentene gir inntrykk av at de ønsker hjelp til sammenfatning av fagstoffet
- Også fagleg utfordrande i klassar som har få studentar. Lite fagmiljø.
- Det å alltid undervise 7 timar i strekk kan nokre dagar vera litt tungt/slitsomt. Viktig å tenkja variasjon og la studentane også delta aktivt i form av gruppearbeid, rollespel og liknande
- Små klassar kan også vera krevjande (og sårbart) der du ikkje har så mange å spela på.

Kommentarar frå leiinga:

Studentane er jamt over godt nøgde med tilbudet, noko dei generelle kommentarane også uttrykkjer. Desentralisert tilbod er krevjande for lærarane, men dei er likevel nøgde innom dei vilkåra som er gjevne.

C. Arbeidsmetodar

Studentane si meining om grad av variasjon i arbeidsmetodar

Snitt vurdering	4,5
Kvalitetsmål for temaområdet	5,0
Kritisk nivå for temaområdet	4,0

Lærer si vurdering av rettleiinga til studentane

Snitt vurdering	5,1
Kvalitetsmål for temaområdet	5,0
Kritisk nivå for temaområdet	4,0

Kommentarar frå leiinga:

Det er, innan dei rammene som er gjevne, god variasjon i arbeidsmåtane. Men sidan det berre er samling 1 dag i veka, høyrer me ofte at vaksne studentar gjerne vil ha fagstoffet komprimert og «fortalt» av lærar. Å ha små grupper kan lett avgrensa mogelegheitene for variasjon. Men me er trygge på at faglærarane vår har verktøya som trengst, og metodikk er stadig tema i fagmøta.

Praksistilbudet

Lærer si skår på praksistilbudet

Snitt vurdering	4,5
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5
Kritisk nivå for temaområdet	4,0

Lærarmerknader om sterke sider ved praksistilbudet:

- Det er en stor fordel for studentene at de kan velge mellom to former for praksis. Enten praksis på annen arb.plass eller utviklingsarbeid på egen arbeidsplass.

- Praksis på egen arbeidsplass opplever studentene og arbeidsplassen som positivt bl.a. fordi de ser at arbeidsplassen får mye igjen gjennom det endringsarbeidet / utviklingsarbeidet studentene gjennomfører.
- Gjennomgående gode praksisplasser i Helse Bergen.
- Gode praksisplassar når dei endeleg var "i boks".
- Studentane opplevde å vera på gode og lærerike praksisplassar.

Lærarmerknader om svake sider ved praksistilbodet:

- Vanskeleg å få avtalt desse tidsnok. Stor frustrasjon over dette blant studentane. Nokon skaffa seg praksisplass sjølv.
- Ein del frustrasjon knytt til praksis - det å skaffe praksisplass som er relevant , og også tidsnok i forhold til praksisperioden. Vanskeleg å forsvare dette i møtet med studentane .
- Vanskeleg til tider for meg som lærar å takla all frustrasjonen.

Kommentarar frå leiinga: Sjå kommentarane til slutt i denne meldinga.

D. Utstyr og anna infrastruktur (snittskår på dette området er 4,4)**Studentane sin tilfredsheit med tilrettelegging for bruk av IKT**

Snitt vurdering	4,4
Kvalitetsmål for temaområdet	5,0
Kritisk nivå for temaområdet	4,0

Studentane sin tilfredsheit med lokalitetane på skulen

Snitt vurdering	4,0
Kvalitetsmål for temaområdet	5,0
Kritisk nivå for temaområdet	4,0

Studentane sin tilfredsheit med utstyret på skulen

Snitt vurdering	4,2
Kvalitetsmål for temaområdet	5,0
Kritisk nivå for temaområdet	4,0

Lærarmerknader knytt til infrastruktur

- Av og til svært kaldt i klasserom (Stend)
- Lite støtte m.h.t utstyr/fasilitetar/kollegaer på undervisingstaden (er gjest).

Kommentarar frå leiinga:

Fusa fagskule har hatt undervising på 4 ulike skular, og skåren varierer litt frå skule til skule. Me hadde valt å setja høgt måltal her, men faktisk har ikkje FUF sluttordet i spørsmål som vedkjem infrastruktur / IKT-lokal /Utstyr på dei 4 skulane der me låner hus. Difor er det meir realistisk og tenkja seg ein skår på 4,5 her også.

E. Samarbeid med næringslivet

Studentane sin mening om skulen sin grad av samarbeid med næringsliv

Snitt vurdering	3,9
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5
Kritisk nivå for temaområdet	4,0

Lærer si vurdering av grad av samarbeid med næringa

Snitt vurdering	4,1
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5
Kritisk nivå for temaområdet	4,0

Kommentarar frå leiinga:

Helsefagstudentane møter sitt næringsliv på 3 måtar:

Som arbeidstakarar; om samarbeid og tilrettelegging for studiet for tilsette

Som student; opplevingar på ekskursjonar, gjesteførelesarar ol.

Som praksisstudentar; om kor / korleis / når studenten får praksisplass.

Den store frustrasjonen kring praksisplassar og vanskaner med å koma inn i kabalen lagt i Bergensområdet, slår kanskje ut negativt her. Me vonar at formalisering av praksisavtalar (ikkje berre intensjonsavtalar) og den nystarta kampanje om rekruttering og eit meir direktekontakt med alle kommunane, kan hjelpa på betre skår her i seinare år. Studentar som er tilsette i spesialisthelsetenesta (Helse Bergen; Haukeland /Kysthospitalet /Voss og Haraldsplass Sjukehus) og som går på Spesialreinhald og sterilforsyning gjev dette punktet høgare skår enn snittet: 4,7!

F. Fordjupingsmodul / hovudprosjekt

Studentane sin mening om grad av fagleg utbytte av fordjupingsmodul /hovudprosjekt/

Snitt vurdering	4,4
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5
Kritisk nivå for temaområdet	4,0

Studentane sin mening om organisering av fordjupingsmodul /hovudprosjekt/

Snitt vurdering	4,0
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5
Kritisk nivå for temaområdet	4,0

Kommentarar frå leiinga:

Her er vanskeleg å trekkja konklusjonar, fordi to andreårsklassar har praksis som ein del av fordjupingsmodulen, medan dei 3 andre ikkje har hatt slik ordning. Ergo er det vanskeleg å tolka KVA eksakt studentane er nøgde misnøgde med. Desse spørsmåla vil me prøva justera i neste utgåve av Survey-exact for å henta ut nyttige data.

G. Det totale læringsmiljø

Tilfredsheit med det totale læringsmiljøet

Snitt vurdering	4,7
Kvalitetsmål for temaområdet	4,5
Kritisk nivå for temaområdet	4,0

Utdrag av studentane sine kommentarar til utdanningstilbodet:

- Jeg er fornøyd med undervisningen og alt vært greit i år. jeg var fornøyd med alle moduler og med alt i to års studier:) men i fordypning modul var jeg ikke fornøyd med praksis sted .
- Flott tilbud med en super lærer som er veldig flink til å få stoffet til å bli interessant.
- Jeg vil rette en stor takk til dere som har klart å dra igang studie om Spesialrenhold og Sterilforsyning.
- Synes noen ganger vi får undervisning til innholdet i oppgaver for sent. Støy utenfra er ofte svært forstyrrende. Temperaturen i klasserommet er også svært høy i perioder.
- Hadde vore ein fordel om skulen hadde oversikt over praksisplassar tidlegare og litt tettare samarbeid med kommunane.
- Ønskje om at støtta studentane får kan vera lik for alle,- kanskje direkte støtta frå fylkeskommunen ikkje frå dei ulike kommunane :-)
- Kunne hatt litt mer hvordan de vil ha oppgavene , hva som er viktig å ta med
- Dårlig organisering og sent i mål om å få praksisplass.
- Ellers er studiet kjempebra, dere har flinke lærere , ta godt vare på de ;-))
- Var positivt at vi også fikk være med på førstehjelp ved selvmord (=VIVAT-kurs).
- Helene og Oddrun har vært fantastiske lærere gjennom disse 2 årene. Dei er: kunnskaprike, deler erfaringer, flink til å lære vekk, gjør timene interessante, godt humør, omsorgsfulle med andre ord drømme lærere :) Dei har tatt oss md på ulike utflukter noe som har vært nyttig i å se korleis teorien og praksisen fungerer i virkeligheten :)

2.1 Sensorvurdering av utdanninga

Sensorvurdering av eksamensoppgåva/ne si relevans for utdanninga (5)

Sensorvurdering av eksamensoppgåva/ne sitt omfang (5)

Samanheng mellom studentane sin kunnskap og opplæringsplanen

Ein ekstern sensor frå eit anna fylke skriv:

- *Vurderinga er bygd på studentane si hovudoppgåve og munnleg framlegg på eksamen. Det er vanskeleg å gje ein samla «karakter» på dette – men jamt over er oppgåvene prega av relevante problemstillingar som ligg innanfor fagplanen. Naturleg nok varierer nivået på studentane – men generelt må det seiast at dei studentane som har valt eit utviklingsprosjekt har gjort det betre med omsyn til karakterar, og har synt større fagleg refleksjon enn dei studentane som har bygd oppgåva på litteraturstudie. Eg vil derfor tilrå at studentane blir oppmoda til å velje utviklingsprosjekt til hovudoppgåva si....*

2.2 Eksterne interessentar si vurdering av utdanningane

Det er ikkje gjennomført noko kvantitativ gransking av kva slike interessentar vurderer tilboda våre, men gjennom brei og jamn kontakt i praksisperiodane, får fagskulen generelt positive tilbakemeldingar. Institusjonane / avdelingane er svært nøgde med det faglege nivået på studentane, og mange rettleiarar

melder om positive gevinstar på dei avdelingane som har hatt student i praksis. Det hender også at studentar får tilbod om ny jobb på praksisstadane sine.

Men å leggja til rette for at ein arbeidstakar kan gå i praksis, kjennes gjerne både komplisert og kostbart for arbeidsgjevar / institusjonane. Ein student skriv i kommentarfeltet: «Ønskje om at støtta studentane får kan vera lik for alle,- kanskje direkte støtta frå fylkeskommunen, ikkje frå dei ulike kommunane :-)» Det viser at studentane opplever ulike vilkår under studiet / praksisen, og at ei samordning mellom kommunane kunne vore drøfta.

Det skal også nemnast at våre studentar / lærarar er stadig velkomne på studiebesøk / ekskursjonar til ulike institusjonar. Altså er mange interessentane positive til skulen og utdanningane.

2.3 Leiinga si oppsummering og vurdering av utdanningane

Fusa fagskule registrer jamt gode skår i desse granskingane, med snitt på eller over dei kvalitetsmåla me sette i april 2014. Det er ikkje stor trong for å justera ned nokre av forventingane me sette oss, men fagskulen kan strekkja seg både på arbeidsmetodar og på opplegg kring praksisplassar. I meldingsåret 2012 / 2013 skreiv me: «Å skaffa gode praksisplassar i helsefagtilbod, er særleg skulen sitt ansvar, men også helseinstitusjonane ser at dei må leggja til rette; både for eigne tilsette som skal i praksis, og for inntak av hospitantar. Dette arbeidet skal styrkjast.»

Praksisåret 2013-2014 kom i hamn til slutt, men omlegging og omorganisering i fleire kommunar gjorde at intensjonsavtalar me hadde med somme kommunar; ikkje var vidareformidla til rette instansar. Det gjekk bort verdifull tid, slik at studentane fekk seint melding om kor dei skulle / kunne ha praksis. Me har forståing for frustrasjonen som kjem til uttrykk hos studentar og lærarar.

Fusa fagskule har i 2014 inngått avtale om praksisplassar hos Helse Bergen, og me er komne inn i Bergen Kommune sin «praksis-pool» saman med andre høgskular i fylket. Studentar på Helse, aldning og aktiv omsorg og på Rus- og avhengigheitsproblematikk kan iflg. sine studieplanar ha praksis / utviklingsprosjekt på eigen arbeidsplass dersom denne er relevant for den aktuelle utdanninga. Fusa fagskule vil vurdere å søkja godkjenning av slik praksis på eigen arbeidsplass på fleire utdanningar av dei andre utdanningane.

Ein god helsefagskule for heile Hordaland treng gode lokale og føreseielege vilkår. Me er takksame for dei husroma og hjelpa me får frå våre vertsskular, men fagskulen sine behov kjem gjerne på toppen av dei behova skulane har sjølve. Dette kan slita på lærarane som er «ute på oppdrag».



Resultata i undersøkinga er gjennomgått og drøfta med faglærarane, deretter er denne meldinga er skriven av avdelingsleiar og drøfta med administrativ leiar. Her bør vera grunnlag for vidare kvalitetsutvikling i leiinga av tilboda og i dei respektive faggruppene.

Fusa fagskule, 20.aug 2014



Tor Johannes Hjertnes
Administrativ leiar



Mette Holmefjord Olsen
Avdelingsleiar